

Inga Stendal Nordvik 80 år.

Når ho Inga fyller 80 år, er det grunn til ei helsing.
Og eg opptrer som storebror, om eg ikkje er så storvaksen.
Men eg er storebror i alder, 8 ½ år då ho var fødd.

Kjære, gode syster Inga!
Vel overstått den 18. mai! Til lukke med feiringa!
Og inderleg takk for alt godt gjennom alle desse åra!
Du har vore ei vedunderleg syster. Snill og god – alle tider.
Høyrde de det, de som sit her!
SNILL OG GOD- Ikkje berre no og då. Men alle tider –
Her er ingen her som veit dette så godt som eg.
For eg var med frå fyrsten av. Det har ikkje nokon av dokke andre vore!
Det hender at alderen har sin verdi -

!7. mai 1929 var ein spennande dag i Stendal-familien på Grimsosen.
Det var venta ein ny borgar, og spenninga var stor.
Kunne det kanskje verte ei jente, fødd på nasjonaldagen?
Om det var jente, kunne dei ikkje finne ut den tida, som no, med ultralyd og fostervassprøver.

Tidlegare hadde det kome fire gutar:
Olav f. 1920, Kåre f. 1923, Kristoffer f. 1925, vart berre 2 mnd., Konrad f. 1927.
Den 17. mai snigla seg fram, men fødselen drog ut.
Til den 18. Då kom jenta som dei hadde venta lenge på.
Det var det beste, det sværaste, som kunne skje i familien.
Ingen kunne vere meir velkomen enn den jenta.

Så skulle ho ha namn.
Ho skulle heite etter mormora, ho Inger i Steindalen, som var frå Langedalen.
Dei kom fram til at Inga var fint. Men ho skulle ha eit namn til.
Då var det at far fann ut at Inga Fjellblomst høvde godt. Ja, det høvde framifrå.
Ho var då den jenta dei hadde ønskt seg, og var som den kostelegaste blomst i deira auge.
Og så var ho fødd på fjellet, på Grimsosen i Høyanger, der familien budde, 600 m over havet.

Presten som skulle døype, Trygve Thomassen, som var kapellan i Naustdal den tida, hadde betenkningar om ein kunne bruke Fjellblomst som døypenamnm.
Men slike bestussningar kunne ikkje han far forstå. Presten måtte då begripe at Fjellblomst var eit flott namn for ei jente, som var fødd på fjellet. Han far var ein viljesterk mann, og var ubøyeleg i dette høvet. Og presten måtte kapitulere. Namnet vart: Inga Fjellblomst.
Og det skal vere sagt, av eldste broren: Ho har bore namnet med ære.
Men det var eit anna namn som lenge var brukt i familien: Systa.
Det var det sværaste heidersnamn å oppdrive: Dei tre gutane hadde fått ei syster.

Vi har hatt mykje glede av deg i alle desse åra, Inga. Ja, meir enn det –
Du har vore til velsigning for oss – Velsigning, det er meir enn glede –
Eg vil takke deg hjarteleg for alt du har betydd for meg, og for vår familie!
Du har alltid vore den pålitelege og hjelpsame systera som alltid ville gjere vel.

Livet forandrar seg. Vi var fire sysken som levde opp.
Kåre og Konrad er borte. Så alt for tidleg, tykte vi. Vi saknar dei. Ikkje minst i slike høve.
Men livet må gå sin gang, uansett kva som skjer rundt oss og i vår midte.

Du har vore heldig, du Inga. Du fekk ein god mann i han Alf. Ein hjartegod mann.
Vi minnest han med glede.
De fekk eit langt liv i lag.
Og saman greidde de det kunststykket det er å skape ein god kristen heim.
Ein kristen heim er noko av det aller største to menneske kan skape i lag.
De fekk fire flotte born: Brit Kari, Oddvar, Marta og Lars.
Dei har alle skikka seg vel, og vore til glede også for oss andre i slekta.

De har hatt Guds velsigning over dokke her Under Høgja.
Guds velsigning, det er som ei himmeldogg over livet.

Vi veit ikkje kva som ligg framføre oss.
Vi får ta mot kvar dag som ei gåve. Ei gåve til oss frå Skaparen.
"Hver dag er en sjelden gave, en skinnende mulighet - - -"

Bilete frå sommaren 1930 av oss fire syskena, frå v.: Kåre, Olav, Inga, Konrad.
Det er teke på Ytre Gryta i skråninga vest for den gamle sperrestova, nedanfor det gamle epletreet, og med Rødstaua i bakgrunnen med det store piletreet framfor.

Guds velsigning over dagar som kjem!